

## Foreininga Bevar Ålfjordens Perle sine merknader til planframlegg og konsekvensutgreiningar for Windafjord Port - Detaljregulering for industri- og hamneområdet på Dommersnes, Vikebygd

Foreininga Bevar Ålfjordens Perle (BÅP) i Vikebygd har si tyngde i støtte frå fleirtalet av grunneigarar i Vikebygd (205 fastbuande og 248 hyttebuande samt frå 105 på sveiosida av Ålfjorden) basert på [underskriftskampanjen vår](#) mot planframlegget.

Nedanfor er følgjer våre kommentarar og merknadar. Konkrete innvendingar/merknadar er vist **utheva med kursiv skrift**.

Me har følgjande merknadar til planframlegget med tilhøyrande konsekvensutgreiningar:

### 1. Naturressursar og massehandteringsplan:

- Me merkar oss at Vikebygd i praksis blir pålagt å leva med eit kontinuerleg sprengings- og knuseverksområde i ca. 10 år med dette planframlegget! (2-3 år for fase 1 og minst 7 år for fase 2 og 3)
- Fase 1-3 inneber fjerning av 11,0 millionar m<sup>3</sup> fast granitt/migmatitt fjell. Fase 2 og 3 inneber fjerning av 10 millionar m<sup>3</sup> fast fjell. Norconsult legg til grunn 1,7 tonn/m<sup>3</sup> fast fjell i si omrekning til 17 millionar tonn fast fjell for fase 2 og 3. Omgjort i skipslaster med stein og lastebillass med grus, seier dei dette tilsvarer 2 skipsanløp i veka og 36 lastebillass kvar vekedag i 7 år!

***BÅP meiner Norconsult må ha lagt for låg eigenvekt for stein til grunn, då [eigenvekt for granitt, er på ca. 2,6 tonn/m<sup>3</sup> fast fjell](#). Då vil vektmengda auka til 26 millionar tonn for fase 2 og 3, og dersom ein held fast på 7 års horisont, vil tala auka til 3 skipsanløp i veka og 55 lastebillass på smal fylkesveg kvar vekedag i 7 år! Konsekvensutgreininga må klargjera føresetnadane som legg til grunn for eigenvekta som er brukt eller oppdatera berekningane med eigenvekt ein finn i litteraturen som ligg rundt 2,6 tonn/m<sup>3</sup> fast fjell.***

- Støvproblematikk ved sprenging/knusing/transport er ikkje omtalt anna enn setninga: «Drifta og dokumentasjon for masseuttak forutsettast å gjerast i samsvar med Forureiningsforskrifta for pukkverk.» Då har ein ikkje tatt inn over seg støvproblematikken som vil oppstå, ref. [kontroversane ein ser på Jelsa](#) med støvskyene Mibau-Stema sender innover bygda Høyvik ved kvar sprenging. I samtale med naboar av pukkverket på Jelsa, har me fått høyra uttalar som: ««Det sprenges flere ganger i uken. Støvskyene går med vinden. Folk må vaske utemøbler 2 km unna. Støv fra sprengning er en ting, men vi kan på tørre dager se svevestøv over store områder. De klarer ikke å dempe dette.» I tillegg inneheld granitt mykje kvarts som blir frigjort i støvet ved kvar sprenging. I følgje [Arbeidstilsynet](#) er respirabelt kvartsstøv kreftframkallande og kan føra til lungekreft. ***Denne støvproblematikken er ikkje omtalt i det heile i KU og bør***

*definitivt greiast ut med tanke på kva ein vil utsetja innbyggjarane både i Vikebygd men også på sveiosida av fjorden for og kva tiltak ein vil gjera for å unngå dei støvproblema ein ser på Jelsa for naboane rundt Mibau Stema sitt pukkverk der.*

- *KU seier ikkje noko om kva som vil skje med området dersom marknaden for sal av stein skulle falla bort i anleggsperioden. Er det realistisk at over 20 millionar tonn stein vil bli skipa ut for mellomlagring ein stad (Møre og Romsdal er nemnt), eller vil alt stansa opp med uante konsekvensar for alle dersom marknaden for stein skulle falla bort? Konsekvensane av slik stans i anleggsarbeidet må greiast ut.*  
(NB: Dommersnes AS har allereie nytta argumentet om dårleg pris på stein som grunn for at planeringsarbeidet for Fase 1 ikkje har byrja som planlagt.)
  - *KU inneheld ikkje nokon konkret etterbruksplan med tilbakeføring til LNF, som ein reguleringsplan krev, for det store området dersom bygging av havvind skulle stansa heilt opp. Dette må greiast ut.*
2. KU for Landskap konkluderer med: «stor negativ konsekvens for landskap» som samla konsekvens grunna storleiken på industriområdet/ingrepet på land og dimensjonane og høgda på element som skal lagrast i sjøen og monterast. Det blir store og høge konstruksjonar, auka belysning i området, høge skjeringar i bakkant, industrialisering av fjorden, og både fjern- og nærverknadar er vurdert til å skjemma landskapet visuelt.

*Alle illustrasjonar viser kun éin vindturbin. Planføresegnene set ingen avgrensing på antal vindturbinar lagra samstundes i fjorden. Ein reguleringsplan skal visa maksimalt antal tillatt, og me stiller difor spørsmål til om illustrasjonane er korrekte i forhold til «worst case» tal på vindturbinar i fjorden som planføresegnene tillét?*

Med omsyn til storleik og dimensjonar, meiner me at KU ikkje fortél heile sanninga på to område:

- *Norconsult seier i Planomtalen med KU at høgda på ferdige 25 MW havvindturbinar blir 272m. Då er det antatt, også på illustrasjonane, at eine turbinbladet står rett ned og dei to andre står opp i Y-form. KU seier ikkje noko om korleis blada vil bli montert, om rotoren vil bli rotert heilt rundt i prosessen eller om eit rotorblad vil stå rett opp under monteringa i Ålfjorden. Når eit turbinblad står rett opp, blir turbinen heile 340m høg, noko DAS viste i [presentasjon på folkemøtet i Vikebygd 20. juni 2024](#) (lysark 11). Konsekvensutgreiingane må korrigerast til å visa på illustrasjonane og i omtalen kva som vil bli maksimal mogleg høgde på øvste rotorblad for 25 MW vindturbinar under monteringsprosessen og ved lagring i fjorden før utskipping.*
- *Planforslaget og KU seier at ved full utbygging kan det produserast 24 vindturbinar i året med kapasitet 25 MW kvar. Det står at det i løpet av sommarhalvåret vil bli ferdigstilt ein vindturbin i veka som blir transportert ut av fjorden kvar veke. Teoretisk sett skulle det då berre vera ein ferdig vindturbin i fjorden til ei kvar tid. Men dersom uver eller andre*

**komplikasjoner oppstår, vil det i fjorden vera 12 lagringsplassar som kan ankra opp kvar sin turbin. I tillegg har planføresegnene ikkje noko avgrensing på antal fundament eller vindturbinar som kan lagrast samtidig. Konsekvensutgreiingane må korrigerast til å slå fast kor mange ferdige (og halvferdige) vindturbinar som i «worst case» (ved for eksempel uver eller andre komplikasjonar) vil kunne bli lagra/oppankra i fjorden før utskiping.**

3. Eksisterande næringsverksemdar på Dommersnes må fjernast. KU for Landskap slår fast at det ikkje er areal for desse innanfor planområdet. Det betyr at det kan bli naudsynt med erstatningsareal andre plassar som igjen kan føra til ytterlegare tap av landskap. Dette er ikkje utgreia i KU! **Konsekvensutgreiingane må omtala kva som skal skje med eksisterande industri på Dommersnes dersom dei må fjernast for å gje plass for Windafjord Port. Dersom dei skal flytta til eit anna areal ein annan stad, må det gjerast konsekvensutgreiing av plassering på nytt areal.**
4. KU for Naturmangfold på land konkluderer med: «svært stor negativ konsekvens for naturmangfoldet tilknytt planområdet» grunna tap av kystlynghei (sterkt trua på Norsk raudliste for naturtypar) samt tap av økologiske funksjonsområder for raudlista fugl og andre vanlege arter, inkludert myrområder. **Sitat frå konsekvensutgreiing for naturmangfold på land: «Avtrykket til det omtalte tiltaket vil i stor grad bli plassert på intakte naturområder. Det foreslåtte tiltaket kan derfor sies å være et bidrag til en pågående bit-for-bit nedbygging av natur i Norge.» «Nedbygging av myrområder bidrar til negativ påvirkning på klimagassutslipp.»**  
**I kommunestyret 11. februar 2025 orienterte rådgjevar areal og forvaltning, klima og miljø, Gaute Widerøe Hennig, om: “Status arbeid med Klima, Miljø og Naturmangfold i Vindafjord Kommune”. Orienteringa kan sjåast i [sak 003 på kommune-TV](#) frå møtet. Rådgjevaren kom med to viktige budskap til politikarane:  
– me må ta vare på karbonrikt areal i kommunen!  
– me må ta vare på naturmangfoldet i kommunen!  
**Konsekvensutgreiinga eller Vindafjord kommune må rettferdiggjera korleis planframlegget vil medføra meir samfunnsnytte enn den skadeverknad planframlegget vil gjera på karbonrikt areal og naturmangfold i tillegg til dei andre negative konsekvensane som kjem fram i konsekvensutgreiingane.****

I tillegg spør me: **Kva med registreringar av havørn, kongeørn, fiskeørn, hønehaug og hubro i planområdet? Er dette tilstrekkelig undersøkt og utgreia? Føreligg det godt nok kunnskapsgrunnlag og burde det ha vore utført fleire kartleggingar vår/sommer?**

5. KU for Folkehelse konkluderer med: «middels negativ konsekvens for området tett opp til planområdet og noko negativ konsekvens for bygda Vikebygd» grunna støy, visuell påverknad og sosiale endringar.

KU er svært vag når det gjeld til-/fråflytting til Vikebygd: «Planlagt næringsutvikling gir større sannsynlighet for tilflytting enn fråflytting. Det er svært vanskeleg å kvantifisere ei utflytting som følgje av senka livskvalitet på grunn av utbygging.»

Med andre ord er det mykje syensing og lite fakta her, og det er ikkje gjort noko vitskapleg tilnærming til vurdering av om det i det heile tatt blir noko tilflytting i dei 10 åra sprenging og knusing vil pågå.

Med nyleg politisk vedtak om nedlegging av skulen i to av dei ni bygdene i kommunen, står skulen i Vikebygd klar for mogleg hogg ved neste korsveg/budsjett. Bevar Ålfjordens Perle trur at faren er klart større for manglande tilflytting (fråflytting?) og nedlegging av skulen i den 10 år lange støyande og støvande anleggsperioden enn sjansen er for tilflytting og fleire elevar til skulen.

**Konsekvensutgreiingane bør gjera meir grundige analysar for Vikebygd sin del for å kunne slå fast om det i løpet av dei ca. 10 støyande og støvande åra som anleggsperioden vil pågå, vil medføra tilflytting eller fråflytting.**

KU peikar heller ikkje ut nokon nye, attraktive tomteareal til bustadbygging for tilflyttarar. Tvert om legg planforslaget opp til bygging av brakkerigg med 200 overnattingsplassar til pendlande arbeidarar...

KU peikar ikkje ut noko areal i Vikebygd til andre verksemdar, underleverandørar og anna tenesteyting som ringverknad av WP.

**Konsekvensutgreiingane bør vera tydelegare på om det er sannsynleg at planframlegget vil medføra at andre verksemdar og underleverandørar og anna tenesteyting vil etablere seg i Vikebygd som ringverknad og i tilfelle på kva for eit areal.**

Det blir sagt lite og ingenting om psykisk belastning på folket i Vikebygd. Det blir trekt fram mange «positive effektar» men det blir sagt svært lite om den uro og framtidssuvisa som folket blir utsett for. Her blir det ei veldig stor endring å takla for eit lite samfunn.

**Planforslaget har ikkje i tilstrekkeleg grad tatt med utgreiing av konsekvensar for livskvalitet, trivsel, bumiljø og stadidentitet for Vikebygd Det er ikkje utgreia om utbygginga vil påverka Vikebygd som ein attraktiv plass å bu i framtida, eller om utbygginga vil påverka utvikling av reiselivsrelatert næring. Dette bør utgreiast nærare.**

6. KU for Støy konkluderer med: «middels negativ konsekvens for influensområdet for støy». Norconsult har mellom anna tatt utgangspunkt i grenseverdiane i støyretningslinja T-1442. Det er viktig å vera merksam på at dette ikkje er grenseverdiar gitt i medhald av lov eller forskrift, det er ei retningslinje for bruk i arealplanlegging. Er det tilstrekkeleg å visa til denne?

Impulsstøy er lite vektlagt, og varigheit over månader og år vil medføra andre belastningar for folk enn det denne tar høgde for, særleg om støyen er uforutsigbar i tid og tidsrom. Er det snakk om noko som ikkje er samfunnskritisk, kan det vera for høg støybelastning sjølv om det er under grenseverdien om det varer over månader og år. (Kommentarar til KU for Støy frå tidlegare kommuneoverlege i annan kommune).

**Konsekvensutgreiingane bør vera tydelegare på om det er tilstrekkeleg å oppfylla grenseverdiar i retningslinja T-1442 som er ei retningslinje for bruk i arealplanlegging. Kva med impulsstøy over tid som vil medføra andre belastningar for folk enn det T-1442 tek høgde for? Dersom det er snakk om noko som ikkje er samfunnskritisk, kan det vera for høg støybelastning sjølv om det er under grenseverdien om det varer over månader og år som planforslaget legg opp til.**

7. KU for Vassmiljø: «ubetydeleg konsekvens ved full utbygging», men det er viktig å merke seg at fem sedimentprøvar på fem ulike stadar utanfor Dommersnes viste «dårleg kjemisk tilstand og sterk forureiningsgrad (tilstandsklasse V – svært dårleg)» grunna kreftframkallande PAH (Polysykliske Aromatiske Hydrokarboner) og TBT (hormonforstyrrende TriButylTinn) i sedimenta.

Basert på KU oppfattar me at samanstilling av havvindturbinar ikkje bør forringa tilstanden i fjorden, men det som også er nemnt i planforslaget er «decom» (=decommissioning = opphogging) av olje-/gassinstallasjonar som alternativ til- eller i påvente av havvindindustri.

**Med erfaringar frå opphoggingsindustri på Raunes i Vats og kontroversar rundt utslepp av giftstoff til luft og sjø der, meiner Bevar Ålfjordens Perle at Ålfjorden ikkje toler slik decom-industri! Det er allereie utslepp til sjø frå fleire oppdrettsanlegg på sveiosida i fjorden kor det har blitt målt tungmetaller og der krabben ikkje er etande. I tillegg er det større oppdrettsanlegg på land i Trovåg og Fjon, Toraneset Miljøpark og snart overføring av væskedelen av kloakk frå Isvik til Ålfjorden, sjølv om alle desse nok har oppfølgingsprogram frå miljøstyresmaktene. Konsekvensutgreiingane bør vera meir presise på om planframlegget er tilstrekkeleg for å tillata Decom-industri/opphogging av olje- og gassinstallasjonar.**

8. KU for Lokale og regionale verknadar slår fast at det er ingen gjennomførte prosjekt nasjonalt å samanlikna med.

Estimata på sysselsette er basert på grove anslag frå oppdragsgjevar Dommersnes AS.

Konsulentselskapet Menon anslår for Suldal at: «veldig liten andel av den indirekte sysselsettingen vil tilfalle regionen, definert som Ryfylke, rundt Jelsa.» (13%)

Sysselsetting lokalt:

Vindafjord har den høgaste sysselsettingsgraden lokalt (SSB, 2023).

Vindafjord har pendlaroverskot (meir inn- enn utpendling) (SSB, 2023).

«Andelen sysselsatte i Vindafjord kommune er relativt høg, det vil derfor trolig ikkje være mulig å dekke store deler av sysselsetningsbehovet gjennom å rekruttere blant arbeidsledige.»

9. KU for Friluftsliv: «middels negativ konsekvens» hovudsakleg knytt til den visuelle verknaden av planforslaget.
10. KU for Marint naturmangfold: «noko negativ konsekvens» for sårbare naturtypar og artar i sjø. Verknadar av utfylling er øydeleggjande for område med blautbotn i strandsona, ålegras, noko tare, svamp og sjøfjær.
11. KU for Klimagass: «svært stor negativ konsekvens» lokalt grunna planlagt masseuttak og arealbeslag.
12. KU seier ikkje noko om verditap på hus og eigedommar i omkrins av Dommersnes. I samband med planinitiativet til Eviny for Slettene vindkraftverk i Skjold i 2024, viste Motvind Norge utrekningar på dokumenterbart verdifall på hus og eigedommar i

nærleiken. Sjølv om planane til DAS/WP ikkje kan samanliknast med ein vindkraftpark, er det ikkje tvil om at det vil bli verditap på hus og eigedommar også rundt Dommersnes. **Konsekvensutgreiingane eller Vindafjord kommune bør gjera ytterlegare analysar for å klargjera verditap på hus, hytter og eigedommar i omkrins rundt Dommersnes som følgje av planframlegget då det ikkje kan vera slik at naboane skal måtta akseptera verditap som følgje av planframlegget og utbygging.**

13. **I ei tid med naturkrise like stor som klimakrisa, er ikkje eit naturinngrep som det det er snakk om i planframlegget vegen å gå, ref. sitat frå KU for naturmangfald på land: «Avtrykket til det omtalte tiltaket vil i stor grad bli plassert på intakte naturområder. Det foreslåtte tiltaket kan derfor sies å være et bidrag til en pågående bit-for-bit nedbygging av natur i Norge.» Skal ein først byggja slike vindturbinar, bør det gjerast på allereie tilrettelagde område som f.eks. Wergeland Base i Sløvåg, Gulen.**
14. **Då marknaden for havvind nærast har blitt sett på pause på ubestemt tid, vil det truleg ikkje skje noko på Dommersnes dei første åra sjølv om planframlegget blir vedtatt. Då vil mange hus- og hytteeigedommar rundt Dommersnes bli «umoglege» å selja i lang tid framover. I samfunnsdelen av kommuneplanen til Vindafjord er nokre av satsingsområda «attraktive lokalsamfunn» og «gode liv». Korleis kan Vindafjord kommune hevda at dette blir ivaretatt med slik bandlegging av Dommersnes eller dersom utfallet skulle bli støvande og støyande sprenging i ein ca. tiårs periode som planframlegget legg opp til?**

Utklypp frå samfunnsdelen av kommuneplanen for Vindafjord kommune 2024-2036:

3 nye satsingsområde for samfunnsdelen;

- Berekraftig kommune
- Attraktive lokalsamfunn
- Framtidsretta tenester; gode liv og livslang læring



**Foreininga Bevar Ålfjordens Perle, samt eit klart fleirtal av grunneigarar i Vikebygd basert på vår [underskriftskampanje/oppnop](#), meiner at planframlegget legg opp til eit alt for stort inngrep i den vesle bygda både på land og i fjorden. Lytt til folket i Vikebygd, ikkje minst dei unge, som må leva med konsekvensane av eit slikt planframlegg. Me ser gjerne meir aktivitet med småskala industri tilpassa bygda på Dommersnes, men dette gigantprosjektet vil eit klart fleirtal av innbyggjarane i bygda ikkje ha! - Lytt til og ikkje overkøyr folket Vikebygd!**

Med vennleg helsing



Jon Magne Svendsbøe

Styreleiar foreininga Bevar Ålfjordens Perle i Vikebygd  
[www.alfjordensperle.no](http://www.alfjordensperle.no)

@alfjordensperle på:  
[Facebook](#) / [YouTube](#) / [Oppnop](#)